

Sak AKF 26/2014 Høyringsvar « Lik og Likskap»

Aure kyrkjelege fellesråd kjem med følgjande høyringsuttale på NOU 2014: 2 Lik og likskap

Kulturdepartementet har sendt ut høyring "Lik og likskap". Dette omhandlar betaling for kremasjon, gravlegging og grav.

10. august 2012 vart eit offentleg utval (gravferdavgiftutval) oppnemnt, og fekk følgjande mandat:

Utrede:

- Økonomisk likestilling mellom kremasjon og kistegravlegging
- Utviding av retten til grav utanfor bustadkommunen
- Ordninga med feste av grav
- Behovet for endring av avgiftssystemet på gravferdssektoren.

Utvalet har i si vurdering kome fram til følgjande seks prinsipp for gravferdslovgiving:

1. Gravlegging er eit offentleg ansvar, og skal vere utan kostnad for de etterlate.
2. Gravplassane skal vere allmenne, dvs. felles for alle.
3. Forvaltninga skal legge til rette for at gravlegging skjer med respekt for personleg livssyn og i tråd med føringane til vedkommande sitt livssynssamfunn
4. Lovgivinga skal likestille gravferdsformene, og ikkje stimulere til å velje den eine framfor den andre.
5. Eit menneske får ei grav.
6. Med tida blir grava sletta, og gravminnet teke bort.

Utvalet meiner at fleire avgifter på gravferdsområdet i dag er ulike, og utvalet foreslår regelendringar og andre tiltak som gjev meir forutsigbare løysingar for brukarar av gravferdstenesta.

Utvalet sitt forslag:

Kistegravlegging og kremasjon skal likestillast økonomisk og juridisk som gravferdsform.

Utvalet meiner at gravferdsformene med urnenedsetjing og kistegravlegging bør likestillast. Derfor bør bl.a. tilgang til å krevje kremasjonsavgift opphevast.

Kremasjonsavgifta i 2012 utgjorde ca. 40. mill. kroner.

Ansvaret for båretransporten til krematoriet blir foreslått å flytte frå NAV til gravplassforvaltninga. Eit lokalt ansvar for å sørge for transport kan skape motivasjon til å ta ansvar for etablering og vedlikehald av ein effektiv krematoriestruktur. Midlane (ca. 22,5 mill. kroner) som er ein følgje av dette, blir foreslått overført frå løyvinga til NAV til rammetilskottet til kommunane.

Aure kyrkjelege fellesråd:

- Er einig i at kistegravlegging og kremasjon skal likestillast både økonomisk og juridisk som gravferdsform.
- Dersom ansvaret for båretransport blir flytta frå Nav til gravferdsforvaltninga, må det følgjast med ekstra løyving av midlar.

Utvalet sitt forslag:

Kommunane skal vere pliktige til å ta imot utanbygdes gravlegging. Brukarbetaling av gravlegging i ein anna kommunen enn avdøde sin bustadkommune blir oppheva.

Utvalet går inn for ei økonomisk likestilling mellom innanbygds- og utanbygdes gravlegging. Ein trur at ca. 8 pst. av gravlegginga skjer i anna kommunen, enn der avdøde var registrert i folkeregisteret ved dødsfallet,

og at utanbygdes gravlegging er dyrare for de etterlatne. Oppgjøret mellom de involverte kommunane bør skje gjennom ei fastsatt oppgjersordning mellom gravplassforvaltningane, framfor at de etterlatne skal betale.

Dei samla inntektene for gravferdsforvaltninga frå betaling for utanbygdes gravlegging i 2013 var ca. 12,1 mill. kroner.

Aure kyrkjelege fellesråd:

- Gravferdslova §2 seier at det skal vere ledige graver for minst 3% av kommunen sin befolkning, og det er fellesrådet/kommunen som finansierer gravplassane. Det er derfor rimeleg at fellesråd/kommune får oppgjer for gravlegging av utanbygdes buande. Kommunen/fellesrådet i heimkommunen til avdøde vil spare både gravplass og gravlegging. Støttar derfor forslaget om at ei oppgjersordning mellom heimkommune og gravleggingskommune.

Utvalet sitt forslag:

Endring av avgift for feste av grav slik at innbyggjarane blir behandla likt.

Utvalet foreslår at all gravlegging skal utløyse 20 betalingsfrie år, uansett kva type grav (tilvist eller festa) som blir valt. Den betalingsfrie perioden skal ikkje ha samband med fredingstida, som kan variere utifrå lokale forhold. Det skal vere same festeavgift for alle graver i kommunen, uavhengig av om det er gravlegging av innanbygds eller utanbygdes bebuarar. Satsane for festeavgift skal framleis fastsetjast lokalt.

Aure kyrkjelege fellesråd:

- 20 betalingsfrie år uansett type grav vil føre til mindre inntekter for fellesrådet.
- Ordninga vil også krevje ekstra administrasjon i forhold til at ei festa grav skal gjerast om til fri grav midt i ein festeperiode.

Utvalet sitt forslag:

Tiltak for å få betre statistikk og meir forskning på gravferdsområdet.

Utvalet foreslår at kommunane skal rapportere utvalte resultat og tal frå gravferdsforvaltninga i KOSTRA kvart år. Ei utvida statistikk i KOSTRA vil etter utvalet si oppfatning, vere eit reiskap i planlegginga for å møte auken i talet på døde i dei neste tiåra.

Aure kyrkjelege fellesråd:

- Fellesrådet støttar forslaget.

Utvalet sitt forslag:

Økonomiske og administrative konsekvensar.

Som følgje av utvalet sitt forslag om å oppheve heimlar for brukarbetaling, anslår utvalet eit inntektstap for gravferdsforvaltninga på 104,3 mill. kroner. Dette blir foreslått kompensert gjennom auka rammeoverføringar til kommunane, etter den generelle kostnadsnøkkelen. Utvalet legg til grunn at kommunane da vil auke overføringane til kyrkjelege fellesråd sin gravferdsforvaltning i tråd med dei lokale behova.

Aure kyrkjelege fellesråd:

- For at vi skal støtte dette forslaget må det vere ei føresetnad at fellesrådet får sin nødvendige del av rammeoverføringane, for å kunne drive ei forsvarleg gravplassforvaltning. Eller at fellesrådet får pangane direkte overført.

Utvalet sitt forslag:

Forslag som utvalet vurderer til å vere på sida av mandatet.

Utvalet foreslår at dei nærmare vilkåra for askespreiing skal gå meir direkte fram av gravferdslova, og at handsaminga av søknader om askespreiing blir lagt til den lokale gravplassforvaltninga, med Fylkesmannen som klageinstans.

Utvalet foreslår også at det blir opna for askespreiing på gravplass, og det blir gitt høve til gravlegging i kolumbarium på gravplass.

Aure kyrkjelege fellesråd:

- Handsaming av søknader om askespreiing bør framleis ligge hos Fylkesmannen. Spesielt i små kommunar kan det vere greitt at gravferdsforvaltninga ikkje må ta stilling til dette.
- Vi vil ikkje gå inn for askespreiing på gravplass, dette føler vi er for nytt og framand for oss.
- Kolumbarium er ein vegg eller eit byggverk med nisjar der askeurna kan lukkes eller murast inne. Etter fredingstid/festetid må urnene takast ut og gravleggjast i jorda, så det må i tillegg vere tilgjengelege urnefelt. Dette forslaget blir støtta.

25.09.2014

Aure kyrkjelege fellesråd

Judith Bjørk
kyrkjeverja